




Tryggheimhelsing

Mange inntrykk frå Elfenbeinskysten

s. 6-7



Digitalsløyd

s. 4



Eventyrlig utveksling

s. 5



Temadag på Tryggheim

s. 11





Gjermund Viste

Store gleder

Stor glede over at det kristne arbeidet ber frukter. Stor glede over Tryggheimrussen som på julekonsertar i Nærbø kyrkje gjennom song og vitnemål løftar fram det viktigaste, det som jula verkeleg handlar om. Stor glede over at husleigetilskottet er dobla i Statsbudsjett 2018, og at Kunnskapsdepartementet (i motsetning til Utdanningsdirektoratet) gav oss lov til å ha eigardel i idrettsanlegget Nye Loen.

Vi gler oss over tilbakemeldingar om god trivsel, om nye vennskap og om verdfulle vg2-turar med samansveising på tvers av utdanningsprogram. Det er kjekt å få meldingar om elevar som blomstrar og om at Tryggheim-lærarar ser enkelteleven og gjer ein fagleg god jobb. (Stolt kan vi tilby leksehjelp etter skulen både måndag, tysdag og onsdag!) På fritida er det mange sosialpedagogiske grupper, i år med Digital sløyd som nytt av året. Elles er russen med som ein viktig miljøskapar med mange arrangement både haust og vår. Vi håpar ungdomane kan vekse, bli sjølvstendige og modnast både som menneske, når det gjeld skule og på den sosiale arena.

Bøn og arbeid

Vi gler oss over elevar som er blitt fornya og ein elev som er blitt kristen gjennom det kristne arbeidet i haust. Sårbeidet gjennom morgonandaktar, bibelgrupper og møteverksemd ber frukter. Det er stort! Vi har hatt møteveker med forkynnarane Per Tveten, ein ungdom frå Bodø, Kristian Johansen, og Kari Helene Haugen. På eit tors-

dagmøte nyleg tala ungleiar Arnt Magne Granberg. Han fortalte om si tid som ikkje-kristen på Lundeneset, og om bønegruppa på fløyen. Arnt Magne vart ein kristen gjennom dette. Dette gjorde inntrykk på ungdomane. På internatet Vestheim starta russen opp bønegruppe. På Bjorheim starta vg2-jentene to bønegrupper. Frå før har elevane bønemøte i gymsalen kvar morgon kl. 07.55. Det er samtidig med personalbønemøtet på konferanserommet. Tryggheimrussen har jobba hardt for å gjennomføre to flotte julekonsertar. Dei klarte å samle både mykje folk og mykje pengar til misjonsprosjektet i Indonesia. Andaktsteksten til Marie var Joh. 19,25: «Men attmed Jesu kross stod mor hans, og morsyster hans, Maria, kona til Klopas, og Maria Magdalena.» Dei tre Maria-kvinnene er eit bilete på breidda av folket. Evangeliet gjeld alle, og det er dette jula verkeleg handlar om.

Grønt lys frå Kunnskapsdepartementet

Vi ønskjer å gi ein stor takk til kloke politikarar som ser verdien av friskulane sitt arbeid og som vel å doble husleigetilskottet

i neste års statsbudsjett. Stor honnør skal også juristar, byråkratar og politikarar i Kunnskapsdepartementet ha som evnar å sjå fornuftige løysingar i regelverket når det gjeld idrettsanlegget Nye Loen. Takk til tidlegare styreleier Jon Olav Østhus og tidlegare leiar i Idrettslaget på Nærbø, Oddbjørn Austad, som saman initierte dette samarbeidet. Misjonsleiar og idrettslagsleiar fann tonen, og begge såg eit potensial her i 2006. Austad innsåg at utan leigetakarar på dagtid, kunne Nye Loen vanskeleg sjå dagens lys. Begge såg dette som ein vinnvinn-situasjon for Tryggheim, idrettslaget og bygda. Det er i haust ti år sidan idrettsanlegget vart teke i bruk.

Utdanningsdirektoratet: Kan ikkje gi dispensasjon

Tryggheim vgs er godkjent etter friskolelova og må sjølv sørge for tenlege lokale. Bygging av eigen idrettshall vart vurdert, men låg på kort sikt utanfor skulen sin økonomiske rekkevidde i 2005-06. Men Tryggheim vart altså invitert med i eit lokalt initiativ om bygging av ein idrettshall på nabotomta. Vi gjekk inn med 1 mill. kr som aksjekapital, og fekk gjennom denne eigardelen både prioritet og tilgang på rimeleg hallplass på dagtid. Ei fantastisk løysing! Utdanningsdirektoratet gjennomførte kontroll av årsrekneskapen for skulen for 2011, og skulen blei i 2012 bedt om å gjere greie for to aksjepostar. Skulen selde ein liten aksjepost i eit anna selskap, men var ikkje nøgd med å avhende aksjane i idrettsanlegget Nye Loen. Tryggheim søkte om å få dette eigarskapet godkjent etter økonomiforskrifta til friskolelova: «Departementet kan etter søknad godkjenne at ein skole driv anna tilleggsverksemd som er nært knytt til skuleverksemda, og som utgjør ein mindre del av den totale verksemda.» I januar 2015 fekk vi avslag frå Utdanningsdirektoratet. Vi sende ein klage til Kunnskapsdepartementet innan fristen i februar 2015. Etter 2½ år fekk vi i haust eit positivt svar frå KD! Det er ei stor glede når politikarar og byråkratar etter vel fem år maktar å kombinere sunn fornuft med gjeldande lovverk.

Han gjeter sin flokk

Han gjeter sin flokk som en gjeter. Han samler lammene med armen, løfter dem opp i fanget, leder søyene. Jes 40,11

Vi er mange som er vokst opp med bilder i glass og ramme av Jesus som den gode hyrde. Bildene hang gjerne over senga som en god påminnelse om at Jesus våker over oss om natten. Som barn kunne vi sove trygt i vissheten om akkurat dette. Dette bibelverset er skrevet av profeten Jesaja som en oppmuntring og et løfte til folket. Bibelverset sier også noe om Guds kjærlighet til menneskene. Dette er noe vi i dag skal få dvele ved i adventstiden.

I juleevangeliet i Lukas 2 møter vi hyrdene som var ute på Betlehemsmarkene og passet på sauene sine. Hyrdene var ute og varmet seg rundt bålet denne natten da de fikk englebesøk. Ja, et helt kor sang for dem etter hvert. Det må ha gjort et enormt inntrykk på disse mennene som satt der, og jeg tenker at de sikkert var både trøtte og kalde. Men de ble overbevist om at budskapet som engelen fortalte, var sant. De skyndte seg av sted og fant Maria, Josef og det lille barnet. Det som skjedde denne

natten, var nok helt uvirkelig for hyrdene, og de hadde virkelig noe å snakke om de nærmeste dagene. Videre i Lukas 2 kan vi lese at hyrdene lovpriste Gud for alt de hadde sett og hørt. Dette ble fortalt med iver til alle de møtte.

Begeistringen som hyrdene viste over det fantastiske de hadde opplevd, smittet nok over på dem som hørte det de hadde å fortelle. Dette får meg til å tenke over min rolle som kristen medvandrør for dem jeg møter i mitt liv og i hverdagen min. Vi har noe å lære av disse hyrdene som var trofaste i sin jobb og som viste denne gleden over å ha sett Jesus. Kan jeg bli smittet av denne Jesus-begeistringen og fortelle til dem rundt meg hva dette betyr i mitt liv? Jesus sitt komme til jord fikk store konsekvenser for meg da jeg nå har fått muligheten til et håp om et evig liv sammen med Jesus. Men hva da med dem som ikke har fått muligheten til å høre om det som skjedde i stallen og på Betlehemsmarkene for



over 2000 år siden? Misjon er ikke utgått på dato. Vi må skynde oss og oppmuntre villige og energiske ungdommer til å tenke på muligheten for et yrke der de kan reise til land og steder hvor de kan møte og arbeide blant mennesker som ikke har hørt evangeliet om Jesus. Tryggheim er en skole hvor jeg som ansatt kan oppmuntre og støtte elever som går med tanker om et misjonærliv. Dette gir mening, perspektiv og himmel over hverdagen på Tryggheim. En velsignet jul til dere alle!



Av Eli Bjuland

Lekehytte – et produkt fra byggteknikk

Et par ganger i året setter byggfag-elevene opp en hagehytte, som interesserte kan kjøpe og få satt opp i hagen sin. Hyttene kan leveres med strøm installert av elever på elektrofag.

- Tekst: Anne-Berit G. Aanestad
- Foto: Kjartan Håland

En av familiene som har skaffet seg en slik hagehytte er mor, far og tre barn Håland på Nærbø. Selv om transporten fra Tryggheim over til hagen på den andre siden av Store Ring ikke var så lang, måtte byggfaglærer Bjarte Gudmestad nøye kontrollere at hytta var forskriftsmessig fastbundet til lasteplanet, før det bar av sted. Vel fremme ble heisekran tatt i bruk for å sikre en varsom landing på den tilmålte plassen på plenen.



Det er spesielt de tre yngste i familien som har inntatt det nye husrommet, og bl.a. har det allerede blitt flere overnatningsdøgn der både med og uten venner på besøk. Hvis det er andre som synes dette kunne være en grei måte å utvide bygningsmassen sin på, er det bare å kontakte byggfagavdelingen v/Bjarte. Men det er ikke sikkert det blir neste sommer – ventelistene kan av og til være lange ...



Digitalsløyd til folket!

Kortversjon for deg som likar bilete best:

Digitalsløyd er ei ny aktivitetsgruppe på kveldstid for elevar der dei kan lære 3D-teikning, koding, lett automatisering, bygga ein høgtalar eller ein smartspegel. Me starta opp etter haustferien med 25 påmeldte med kvilepuls og høg trivsel. Nokre brukar mange typar verkøy og maskinar, kanskje for første gong, andre greier seg med tastatur og mus.



Grethe Obrestad, Mari Finstad og Hanne Harbo monterer bluetoothhøgtalar.

- Tekst: Knut Handeland
- Foto: Ole Christian W. Haavik

Lengre versjon for deg som likar mange ord etter kvarandre og kjensla av at alt heng saman med alt anna: For nokre generasjonar sidan var familien ei produksjonseining, sjølvberging var ikkje eit val, men eit vilkår før T-Forden. Berre born blei produsert på samleband, folk var løysingsorientert i utnyttinga av tilgjengeleg materiell, men så kom industrialiseringa; produksjonen flytte inn i fabrikkar, ting blei smidd i kostbare maskinar av spesialiserte fagforeiningsmedlemmar med tariffavtale. Livet blei strigla; far kunne ikkje lenger sko hesten, mor kunne ikkje bake brød, men begge kunne skrive glitrande artiklar om meistring og kompetanseutvikling.

Moderne teknologi, som for eksempel 3D-skrivarar, har kloden rundt demokratisert tilgangen på avansert produksjonsutstyr og gitt fornya interesse for, om ikkje sjølvberging, så i alle fall eigenproduserte ting og kreativ utfolding. Mange stader dukkar det

opp MakerSpace, Hackerspace, TechShop, FabLab, Make og liknande. Dei er møteplasar med teknisk utstyr der ein kan utvikle idear, teste ut ulike materiale, lage prototypar av delar eller heile ting. Både entusiastar, hobbyistar og ambisiøse gryande gründerspirer får spele ut skapartrongen. Om trenden er ein hest, så rir Tryggheim førebels ein global postindustriell ponni. Skulen har ein del gildt utstyr som mykje av døgnet berre står på stas, og som difor har potensial som nyttige reiskap i ungt entreprenørskap og polyteknisk danning. Ponna eller kjepphest, me kallar han Digitalsløyd, eit namnleg resultat av fornuksingspolitikk og verbal flisespikking; det kunne blitt Sløyd 2.0, eller ein annan samansnikra hybrid. Ut av sponhaugen kom i alle fall eit nystarta sosialpedagogisk tiltak med ein stamme på 20-25 ivrige deltakarar som møtest ein del kveldar i halvåret. Namnet skal femne at me forsøker å kombinere litt tradisjonelt trearbeid med digital teknologi. Ikkje alltid i same produktet, men det også. Grappa er førebels delt i tre (!); ei gruppe får opplæring

i 3D-teikning, ei gruppe lærer seg koding som får små datamaskinar til å utføre oppdrag på kommando, og den tredje får bygge små trådlause høgtalarar. Siste gruppa lagar Magic mirror, ein spegel som samstundes kan fungere som infoskjerm. Spegelfolie, pc-skjerm og ein mikro-pc er basis og innmat, ramma rundt er av tre, og Magic blir det både for dei som ikkje forstår korleis ein kan lese melding om kommande sterk vind frå sør i si eiga panne midt under tannpussen, og for dei som ikkje forstår at nokon kan ha behov for nettopp det. Når prosjekta vert realisert utover året, er tanken at deltakarane kan rullere vidare til nye utfordringar. På sikt håpar me på eit par ekstra maskinar, samlokalisering av maskinparken og at høvet til å utfolde kreativ skaparevne kan integrerast sterkare i skulefaga: Virketrongen og begeistring hos deltakarane seier meg at under 10-13 år med nokså einzijdig tal- og bokstavproduksjon ulmar både evna og behovet for å uttrykke seg i andre typar teikn og substansar - Gud til ære, oss til gavn.



Ledskilt.



Bluetooth-høgtalar.



Malén Momrak og Filip Giskeødegård koder Arduino med godt resultat.

Eventyrleg utveksling

Sjølvs om tredjeklassingen Charlotte Olsen som møter oss midt i ein forblåst skuledag, ikkje ser ut til å vera ei kvinneleg utgåve av Indiana Jones, er det ikkje tvil om kva som dreiv henne til å bryta opp frå oversiktlege ordningar og kjende klassekameratar med kurs for fjerne farvatn. Det var først og fremst eventyrlysta som overtala den blide eigersundaren til å ta eit år som utvekslingselev i ein utkant av det indre Australia der kollektivtilbodet var meir sparsamt enn på Kaffiholen (liten stad utanfor Nærbo, red. anm.)

■ Tekst: Sofie Braut
■ Foto: Privat

- Kvifor utveksling i Australia?

- Eg har alltid hatt lyst til å dra til Australia, det er eit spennande land. Det er varmare enn her heime... og så blei det faktisk rimelegare å ta eit slikt år enn å ta nokre månader på språkskule, slik eg opprinneleg vurderte, forklarar Charlotte, som har med seg mange gode minne frå året i kengurusens heimland.

Ho hamna, litt tilfeldig, i småbyen Kingaroy, 2,5 timar vest for Brisbane, og her var ho den einaste eleven «utanfrå». Det var svært spennande, men livet som ny er enkelt når australiarane innfrir stereotypen: den omgjengelege og imøtekomande stilen som smiler «g'day mate» og alltid har plass til ein ekstra ved grillen. I alle fall var overgangen for Charlotte mindre strevsam enn avstanden frå gamlelandet kunne ha tilsagt. - Eg fekk verdas snillaste vertsmor, og som ein del av eit utvekslingsprogram var det mange folk som stilte opp som skulevener frå dag ein, sjølv om fotballjenta Charlotte etter kvart fann seg vener med likare interesser, gjorde det at ho kjende seg velkommen.

Året i Australia var innhaldsrikt, og med besøk av foreldra i juleferien fekk ho også prøva livet som verkeleg turist på andre sida av kloden.

- Det var kjekt å komma seg litt rundt og sjå dei plassane vi kjenner frå bileta av Australia, seier Charlotte og deler fine ferieminne frå mindre enn eit år sidan. Men kva med skulevardagen, korleis var den, undrar eg sjølvsagt.



17. mai "down under" Charlotte (t.v) saman med australske vener.

- Litt strengare, kanskje, tenkjer Charlotte høgt, og reflekterer over korleis eldre lærarar der møter meir respekt frå elevane, medan yngre lærarar fort kan oppleva meir tyn rundt om i klasseromma. Det er nokre slike kulturforskjellar, men mykje er likt også. Skulen gjekk greitt, og med skuleuniform slepp ein å grubla over korleis ein skal passa inn i motebiletet, det var praktisk, i følgje den heimvende eigersundsenta.

Med over tusen elevar frå 7. til 12. klasse var det jo rimeleg store forhold på skulen, trass i at ho hamna på ein liten stad.

- Mange reiser langt for å koma til skulen, og avstandar er noko ein må venda seg til på desse breiddegradene, forklarar Charlotte, som ikkje saknar plassen så mykje som ho saknar gode vener og varme vindar frå livet der sør.

Det er ikkje så lett å setja ord på alt ho har lært i året som utvekslingselev, men å koma

ut av det vante er generelt lærerikt, det gir eit anna perspektiv og hos Charlotte er eventyrlysta ikkje akkurat blitt mindre etter denne utflukta. At ho skal oppleva meir av verda i framtida er heilt sikkert.

Men jordnær, det er ho definitivt, så dagen etter at ho sette føter på norsk jord var ho å treffa i kassa på den lokale Jokerbutikken nede i sørfylket. Ho røper vidare at repetisjonen av vg2-pensum i norsk på starten av skuleåret var litt bratt, etter eit år der det var lite av Snorre og Petter Dass på timeplanen. Ho har kome over det no, men vi merkar fort at ein del idéar om korleis ho kan kombinera reiselysta med andre framtidspanar surrar friskt i bakhovudet. Som tredjeklassing på Tryggheim vert det nok rimeleg kengurufritt det komande året - reiseruta sørover langs Jærbanen er kanskje ikkje heller så eksotisk, men å vera heime er slett ikkje så verst - i alle fall ikkje for ei stund...

Mange inntrykk frå Efenbeinskysten



Fullt klasserom i Abidjan, opptil 130 elevar i ein klasse.

Renate, Martin (elevar) og Håkon (lærer) frå ungdomsskulen har vore i Efenbeinskysten for å sjå på arbeidet me støttar i misjonsprosjektet vårt. Renate og Martin har skrive litt om kva dei hugsar best frå turen, og du kan også lesa litt om kva dei to prosjekta me støttar betyr for lokalbefolkninga i Efenbeinskysten.

■ Tekst og foto: Håkon Haugland

Evangelisering blant muslimar

Nord i Efenbeinskysten driv NLM evangeliseringsarbeid i ei muslimsk folkegruppe. For eitt år sidan etablerte ein ung misjonærfamilie seg der, etter at NLM hadde vore borte frå området på grunn av borgarkrig og uro frå 2004 (ein familie var der eit halvt år i 2013). I den tida NLM har vore ute av området, har lokale medarbeidarar drive kyrkja i byen.



NLM-støtta kyrkje i ein landsby nord i Efenbeinskysten.

Når norske misjonærar nå er tilbake, skal dei ikkje drive kyrkja, men vera støtte for og medvandrarar med dei lokale pastorane, og dei skal drive evangelisering. Besøk i landsbyar, strikkegruppe for kvinner og bibelgruppe for ungdom er noko av det som er planlagt. For å kunne drive arbeid i lokalbefolkninga, får misjonærane nå undervisning i det lokale språket. Det er også andre misjonærar på veg i tida framover.

Det er eit tidkrevjande arbeid å drive evangelisering for muslimar. Mange kan gi uttrykk for at dei trur kristendommen er sanninga, men det er store kostnader knytte til å konvertera til kristendommen. Ein kan bli utstøytt frå familien, ein får ikkje seld varene sine på marknaden, får ikkje kreditt hos kjøpmannen, og blir skulda for å føra skam over forfedrane.

Likevel er misjonærane her glade for å kunna arbeida i desse områda. Folk her treng også å høyra evangeliet om Jesus, dei treng også ein frelsar som vil gå i lag med dei gjennom liv og død. Ver med og be for folket og for misjonærane, om at det kan bli



Maniga på speed school i Abidjan.

gode møte med folk, at evangeliet kan nå ut og at folk må få styrke til å stå for det dei trur er sanninga.

Utdanning skaper draumar

Under det første besøket me hadde på ein «speed school» i Abidjan, var det tydeleg at det å få gå på skule er viktig. I gatene me køyrde gjennom for me kom fram, sto barn, ungdom og vaksne og selde ulike varer i enkle buer. Sal av frukt, kjøt, peanøtter, drikke eller andre småting skal gi inntekt slik at dei kan kjøpa daglegvarer og klede eller finansiera bustad og skulegang.

Det kan ikkje vera stort overskot ein kan oppnå med dette arbeidet, ein kan vanskeleg leggja til sides pengar til sparing. Me blei fortalt at folk i bydelen hadde mange ungar, og det er mange som treng ungane som



Middagsbesøk i landsbyen. Frå venstre: lokal medarbeidar, Renate Undheim, lærar Kathrine Fosse, Martin Harbo og eittåring Mona Heng.

arbeidskraft. Som elevar er ungane ei utgift, og det gjer at mange foreldre ikkje prioriterer skule.

Me trefte Maniga på 14 år; han hadde ikkje gått på skule som liten, men prøvd seg på «speed school» i fjor. Då hadde foreldra vore lite motiverte, og han hadde slutta nokså raskt. Nå var han tilbake på skulebenken, me såg ein motivert gut, stadig med handa oppe eller framme ved tavla for å visa reknestykket. Renate fekk læra litt fransk, og han smilte som ein spent gutunge som nettopp har starta på ei lang reise, undrande over kor dette kan ta han.

Då elevane fortalte kvifor dei gjekk på skule, fekk me høyra at planen til Maniga var å bli profesjonell fotballspelar eller utdanningsminister. Draumane er kanskje lite realistiske, men frå å vera ein gut med ei framtid som gateseljar, med få sjansar til å betra tilhøva han lever under, var han nå ein gut med draumar. Han trudde på seg sjølv, han trudde han kunne bli noko, han hadde planar.

Om han blir buande i den fattige bydelen der han har vakse opp, har han likevel lært mykje. Han kan lesa og rekna, då er han tryggare på at han ikkje blir lurt på marknaden, han kan stilla opp for seg sjølv, og med dei erfaringane vil han nok også prioritera skule når han kanskje får eigne ungar. Derfor er utdanning viktig; fordi utdanning skaper draumar, utdanning gjer at folk trur på seg sjølv og utdanning gir verdigheit.

Renate Undheim fortel:

Etter at eg kom heim frå Elfenbeinskysten har eg fortald mykje om speed school, søndagsskulen og alle dei ulike ungane me fekk møta. Eg synest det var utruleg kjekt å leika med ungane på speed school. Dei var imøtekommande og nysgjerrige på oss, kom og tok i håret mitt og lærte oss mange kjekke leikar. Eg fekk lov til å vera med på

søndagsskulen i ei lokal kyrkje. Me hørde ei bibelforteljing og song songar med kjent melodi, berre på fransk. Alle ungane fekk lov til å teikna etterpå, noko som var skikkeleg stas. Eg er veldig takknemleg for alt eg har fått opplevd på denne turen!

Martin Harbo fortel:

Etter ei veke i Elfenbeinskysten er det skulane og skulesystemet eg hugsar best, å ha 100 elevar per lærar må vere ei enorm påkjenning for både elev og lærar. Eg hadde aldri fått det til på barneskulen, om eg ikkje hadde fått direkte hjelp frå læraren. Eg kan berre tenka korleis det er å sitja der og ikkje forstå noko av undervisninga. Det er derfor speed school er så bra, då det gir moglegheita til å ta to skuleår i eitt fordi dei ikkje er så mange i klassen.



Martin Harbo og Renate Undheim på besøk i ein landsby i Elfenbeinskysten.

Leiarhjørnet



Tron-Arild Grødem

Livet blir stundom samanlikna med ei reise, eller aller helst mange parallelle reiser. Ei reise frå fødsel til død. Ei reise frå fyrste skuledag til ein står der med eit ferdig vitnemål, kompetansebevis, fagbrev eller eit fullført studium. Ei reise frå fyrste arbeidsdag til pensjonisttilværet.

På same måten er det ei reise mellom det ukjende, venskap, gode vener og kjærleik.

Dei menneska som sluttar å reise, sluttar og å leva.

I Bibelen kan ein lesa om nokre vismenn som reiste frå Austerland til Jerusalem og vidare til Betlehem. Desse mennene, som tradisjonen kallar Baltasar, Kasper og Melkior, hadde sett eit teikn i stjernene og ynskte å finna ut kva som hadde skjedd.

Mennene la ut på ei lang reise. Truleg var reisa både krevjande og farleg, og lite ante vel mennene om kva som venta dei. I denne stallen, der lukta sannsynlegvis reiv i nasen, fann dei Gud som var blitt menneske. Jesus som kom for å ta på seg all verda si synd. Han som utsletta skuldbrevet og som står med opne armar for å ta imot den som vil koma til han.

Som når et barn kommer hjem om kvelden,

og møter en vennlig favn,

slik var det for meg å komme til Gud.

Jeg kjente at her hørte jeg hjemme.

Det var en plass i Guds store rom,

en plass som ventet her på meg.

Og jeg kjente at her er jeg hjemme.

Jeg får være et barn i Guds hjem.

Som når et barn kommer hjem om kvelden,

og møter en vennlig favn,

slik blir det for deg å komme til Gud.

Du vil kjenne at der hører du hjemme.

Det er en plass i Guds store rom,

en plass som venter der på deg.

Og du vil kjenne at der hører du hjemme.

Du får være et barn i Guds hjem.

Göte Strandsjö

Med ynskje om ei god julehøgtid.

Tron-Arild Grødem

Elevstermet 2017



10-årsjubilarer



20-årsjubilarer



30-årsjubilarer

■ Tekst: Torbjørn Honnemyr
■ Foto: Torleiv Haus

Elevstemnet for 10-70-årsjubilantane vart i år arrangert rett etter skuleslutt i juni. For komiteén er det ganske moro å vere med og stelle til eit slikt stemne, og eg trur jubilantane også koste seg. Både mimring om morosame hendingar og ein del alvorlege minne kom fram i jubilantgruppene. Nokon hadde med lysbilete som ga mykje glede og latter. Det fascinerer meg like mykje på kvart elevstemne med all livsrøynsla og livsvisdomen som er samla på ein stad.

Takk til jubilantane som gav oss denne opplevinga, takk til servicepersonalet for god pleie og god mat, takk til Gjermund Viste som tala på festsamlinga på laurdagen og takk til komiteén.

Bileta frå elevkulla som du her får sjå i Tryggheimhelsing, ligg også på skulen si heimeside for fri nedlasting.



40-årsjubilarantar



50-årsjubilarantar



60-årsjubilarantar





Andreas Vorhaug løftet seg til seier i styrkemesterskapet på Tryggheim i begynnelsen av november. Bak sitter stevnesjef og påbygg-elev Martin Hals Johannessen.

Andreas (16) er skolens sterkeste

Bygg- og anleggseleven Andreas Vorhaug viste muskler i skolens styrkerom.

■ Tekst og foto: Henrik Foss

- Veldig gøy å vinne. Jeg hadde ikke forventet å slå 3.-klassingene, sier kraftkaren fra Ål i Hallingdal etter at seieren i skolens styrkemesterskap er sikret.

Styrket fritidstilbud

Både internatelever og hjemmeboere har en rekke fritidstilbud på ettermiddags- og kveldstid i løpet av uken. Ved å delta på møter, bibelgrupper og bønnemøter bygger elevene åndelige muskler. Mange velger i tillegg å bruke tid på kroppslig øvelse i friluft, gymsal og styrkerom.

Et elevinitiativ fra påbyggeleven Martin Hals Johannessen resulterte i et nytt tilbud forrige måned: et eget styrkemesterskap for skolens elever.

Hard kamp

Svetten pipler på rødspregte elevpanner like etter konkurransesstart en torsdag ettermiddag i november. Totalt ti deltakere – åtte gutter og to jenter – kjemper seg gjennom øvelsene benkpress (halv kroppsvekt), knebøy (halv kroppsvekt), situps, armheving, dips og chinups. Her er det om å gjøre å klare mest mulig av hver øvelse på ett minutt. I løpet av den halvannen time lange konkurransen er 16 år gamle Andreas, hvis navn betyr modig, skolemester i styrke.

Misjonærbar

Tryggheims sterkeste er oldebarn av den avdøde NLM-kjempen Øivind Andersen, som var lærer og rektor ved Fjellhaug. 16-åringen er misjonærbar og har bodd seks år i Tanzania. Han startet å trene styrke da han gikk i 9. klasse.

- Jeg trener fordi jeg har lyst, ikke fordi jeg må. Det er en hobby. Jeg trener i styrkerommet tre-fire ganger i uken, men har ikke planer om å gjøre mer ut av det. Det kan bli for mye av det gode, sier bygg- og anleggs-



Andreas Vorhaug er til daglig elev på Vg1 bygg- og anleggsteknikk.

eleven med ambisjoner om å bli ingeniør. Vi lar Paulus få det siste ordet: For kroppslig øving er nyttig til noe, men gudsfrykt er nyttig til alt. Til den er det knyttet et løfte både for dette livet og for det som kommer (1. Tim 4:8).

Temadag på Tryggheim

Laurdag 18. november var det igjen duka for tema- og foreldredag på Tryggheim. Denne laurdagen, som er obligatorisk skuledag for elevane, gir høve til fordjuping i litt meir overordna tema, for målet er jo nettopp at dette skal vera ein litt annleis skuledag der vi får løfta blikket frå faga på timeplanen.

- Tekst: Sofie Braut og Ole Christian W. Haavik
- Foto: Ole Christian W. Haavik

Hovudforedragshaldar denne dagen var mangeårig og allsidig skulemann Håkon Eiken som snakka om temaet motivasjon - eit svært aktuelt tema for alle elevar på tvers av ulike fag og utdanningsprogram. Med rikholdige referansar og sjølvransakande spørsmål ga Eiken dei frammøtte kunnskap om motivasjon - men foredraget hans verka også motiverande i seg sjølv. I tillegg gjesta Ryfylke Livsgnist skulen med den aktuelle framsyninga **Luther med latter**. Gjengen frå Ryfylke Livsgnist kjende sitt publikum godt og passa på å fletta inn litt



Tablå frå førestillinga **Luther med latter**.



lokalt småknask frå klasserom og skulekvardagen vår - til ekstra lått og løye frå salen. Som vanleg ga dagen høve til møte og samtalar mellom lærarar og foreldre. Med ein livleg russebasar som avrunding av programmet vart dette ein innhaldsrik laurdag. Her vert skulen eit myldrande torg der elevar, foreldre og personale lærer, ler og lar oss inspirera gjennom ein alternativ skuledag.



Håkon Eiken i aksjon.

Rett frå motivasjonsforedrag: desse karane er samde om at motivasjon er eit viktig tema. Frå venstre: Eirik Høines Sele (2 stb), Eirik Fernholt (2 stb), Mathias Gulaker (2BUA), Helge Eidsnes (2 stb) og Andreas Vik (2stb)

Tryggheimkalender

DESEMBER

Ons. 20. Julefest
Tors. 21. Siste skoledag før jul (halv dag)

JANUAR

Ons. 3. Første skoledag etter jul
Fre. 19.-lør. 20. Besøkshelg

FEBRUAR

Man. 12.-fre. 16. Vinterferie
Ons. 21. og lør. 24. Tryggheimbasar
Tirs. 27.-fre. 2.3. Leirskole VG1

MARS

Tirs. 6.-fre. 9. Leirskole VG1
Man. 26.-man. 2.4. Påskeferie

TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Henrik Foss
Knut Handeland
Bjørn Topnes
Håkon Haugland (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogedal

e-post Tryggheim skular: post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS
Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

Visste du at...

Gabriel Bjorland (EI 94-96) og Bente Norunn Jacobsen giftet seg 29. juli
June Sæther (HE/PB 11-13) og Daniel Grødeland giftet seg 24. august
Birte Skretting (HS/PB 11-14) og Sven Auestad giftet seg 26. august
Kari Varhaug (HS 06-08) og Emil D. Andreassen giftet seg 2. september
Maren Vold (HS/PB 07-10) og Enevald Auestad giftet seg 16. september

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aanestad@tryggheim.no, SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).



Gymsalen på Lundeneset var fylt til siste sete av NLMvgs-tilsette.

Verdas viktigaste jobb

Kven har verdas viktigaste jobb? Den har vi som er så heldige at vi får arbeida på ein kristen internatskule.

- Tekst: Bjørg Topnes
- Foto: Helge Johan Stautland, Lundeneset

Tre dagar først i november var 380 tilsette ved NLMs elleve vidaregåande skular, frå Nordborg på Finnsnes til Hans Nielsen Hauge vgs i Fredrikstad, samla til konferanse på Lundeneset i Ølensvåg. Gjennom seksjonsmøte, misjonsmøte, bedriftsbesøk, fjelltur, foredrag og seminar om alt frå rus, bibeltillit, friskulen i demokratiet til forkynning for ungdom, fekk vi løfta blikket og sjå at vi er ein del av eit stort fellesskap med eit viktig felles sikte – å forma kommande generasjonar og gi vidare både åndeleg og jordisk lærdom. Hans Kristian Skaar, leiar i

NLM Ung, sette oppdraget vårt i perspektiv alt i innleiingsforedraget: Vi som arbeider på ein NLMvgs-skule, har verdas viktigaste jobb.

Eit anna foredrag stod den svenske paralympics-symjaren David Lega for. Han streka under at ein elev er mykje meir enn berre det læraren først ser. Eleven er eit heilt menneske som vi som personale må få auge på. Alle, ikkje minst elevar, treng kjærleik, støtte, krav og ros, og bør berre konkurrera med seg sjølv om å meistra litt betre, for det er slitsamt å streva etter å vera best heile tida.

Siste kvelden tok Ryfylke Livsgnist oss med på ei historisk og humoristisk reise frå Luthers reformasjon til dagens norske kristenliv i ei NLMvgs-spesialsydd utgåve av førestillinga «Luther med latter». Både typar og skikkar gjennom 500 år blei tekne på kornet til stor glede for publikum.

I tillegg pleidde gode og stadige måltid og kaffipausar både lekam, venskap og kollegialt fellesskap gjennom heile konferansen. Samlinga vart ein ny kveik i verdas viktigaste jobb.



Paralympiaren David Lega.